



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:

Lars Grøteide

E-post: lars.groteide@sfj.no

Tlf.: 41530992

Vår ref.

Sak nr.: 16/4332-2

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

17035/16

Dykkar ref.

Notat

Dato

LEIKANGER, 19.05.2016

Frå: Fylkesdirektøren

Til: Hovudutval for næring og kultur

Tilskot til tiltak innan naturforvaltning, vilt, fiske og friluftsføremål 2015

Fylkeskommunen disponerer midlar til følgjande tilskotsordningar:

- | | | |
|--|-----------------|----------------|
| • Tilskot til friluftsføremål | tilskot i 2015: | 900 000 kroner |
| • Tiltak i statleg sikra friluftsområde | tilskot i 2015: | 370 000 kroner |
| • Tilskot til viltføremål, lokale vilttiltak | tilskot i 2015: | 500 000 kroner |

Bakgrunn

Tilskota vert finansiert av Klima- og miljødepartementet over statsbudsjettet kap. 1420 post 78. Forvaltninga av dei årlege tilskota vart overført frå fylkesmannen til fylkeskommunane i samband med forvaltningsreforma. 2010 var det første året fylkeskommunen handsama desse tilskota. Det har vore hovudutval for plan og næring som har gjort tildelingane. I 2010 og 2011 vart dette gjort ved ordinær sak, frå 2012 vart tildelingane gjort administrativt etter delegering frå hovudutvalet.

Frå hausten 2015 er desse tildelingane lagt til hovudutval næring og kultur. Dette notatet er ei orientering om stoda etter tildelingane for 2015.

Fylkeskommunane si rolle i friluftsarbeidet er fastlagt i friluftsløva § 22. Klima- og miljødepartementet skriv i sitt forventningsbrev at fylkeskommunane skal bidra i prosessane med å sikre friluftsområde og legge til rette desse, sikre allemannsretten og bidra til å motivere og stimulere til friluftsliv. I same brev skriv departementet at fylkeskommunane har ansvar for forvaltning av haustbare, ikkje trua artar av vilt- og innlandsfisk, jamfør viltlova, lakse- og innlandsfisklova.

Vurdering

Tilskota frå Klima- og miljødepartementet er eit viktig bidrag til forvaltninga av viktige naturressursar og bidreg i stor grad til det aktive friluftslivet i Sogn og fjordane. Sidan tilskota er delt til tre ulike føremål vert den vidare orienteringa og delt i tre.

Tilskot til friluftsføremål:

Besøksadresse:

Kultur: Storehagen 1B, Førde
Næring: Fylkeshuset, Leikanger

Postadresse:

Askedalen 2
6863 LEIKANGER

E-post:

post@sfj.no
Heimeside:
www.sfj.no

Telefon:

57638000

Bankgiro:

4212 02 02000
Org.nr :
NO 941 388 841 MVA

Målet med ordninga er å medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for alle grupper i befolkninga. Målgruppe for ordninga er frivillige organisasjonar som er registrert i Einingsregisteret og interkommunale friluftsråd som arbeider med aktivitetsfremjande tiltak for friluftsliv. Det vert primært gjeve tilskot til friluftstiltak som stimulerer til direkte friluftaktivitet, som til dømes organiserte turar, friluftsløyper, praktiske kurs og anna opplæring i friluftaktivitetar. Det kan også gjevast støtte til utstyr og materiell som medverkar til å fremje friluftslivsaktivitetane, som til dømes fiskestenger og telt.

Det kom inn 34 søknader til fylkeskommunen. Samla vart det søkt om 3,6 mill. kroner. 900 000 kroner vart fordelt til 20 av søknadane, medan det vart gjeve avslag til 14 av søkjarane.

15 av søkjarane har rapportert og fått utbetalt tilskotet. To søkjarar har fått utsett frist for rapportering til 1. oktober 2016. Tre søkjarar har ikkje rapportert.

Tiltak i statleg sikra friluftsområde:

Målet med ordninga er å medverke til auka deltaking i helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg friluftsliv for alle grupper i befolkninga. Tilskotsordninga skal medverke til å fremje friluftsliv i statleg sikra friluftsområde og område verna som friluftsområde etter markalova. Gjennom naturvennleg tilrettelegging og skjøtsel skal områda gjerast lett tilgjengelege og attraktive for allmenta sitt friluftsliv. Midlane skal nyttast til opparbeiding av området, tilrettelegging og skjøtsel i statleg sikra friluftsområde. Relevante kriterium for prioritering av søknader er om dei ligg i og ved byar og tettstader og om dei blir eller har potensiale for å verte mykje brukt. For å få tilskot må tiltaket inngå i ein gjeldande og godkjent forvaltningsplan knytt til tilrettelegging av statleg sikra friluftslivsområde.

Det kom inn to søknader til fylkeskommunen. Samla vart det søkt om 860 000 kroner. 370 000 kroner vart tildelt Gaular kommune for opparbeiding og utviding av parkeringsområdet ved Langeland ski- og fritidssenter. Det er ikkje kome inn rapport og midlane er ikkje utbetalt.

Tilskot til viltføremål:

Målet med ordninga er å medverke til at bestandane av jaktbart vilt er slik at vi kan hauste av eit overskot. Målgruppe for ordninga er frivillige organisasjonar, institusjonar, kommunar og einskildpersonar.

Det kom inn 14 søknader til fylkeskommunen. Samla vart det søkt om 1,5 mill. kroner. 500 000 kroner vart fordelt til seks av søknadane, medan det vart gjeve avslag til åtte av søkjarane.

Fire av søkjarane har rapportert og fått utbetalt heile tilskotet. Ein søkjar har levert førebels rapport og har fått utbetalt 75 % av tilskotet. Ein søkjar har ikkje rapportert. Det gjeld eit mindre tilskot på 10 000 kroner.